



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Oddbjørn Indregård Arkivsaknr: 2017/221-1538/2017
Arkiv: 223

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
24/17	Næring-, teknisk- og miljøutval	29.03.2017

Saka gjeld: **ANDRE SKOGE - SØKNAD OM TILSKOT FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND**

Tilråding:

NTM-utvalet godkjenner kostnadsplan på 90.000 kr.

NTM-utvalet gir tilsegn om tilskot på 30% av godkjent kostnad, dvs inntil kr 27.000,-.

NTM-utvalet viser elles til vilkåra for slike tilsegn.

Særutskrift:

Andre Skoge, 6084 Larsnes

Saksopplysningar og vurderingar:

Søknadsår	2017
Støtteordning	Kommunalt næringsfond i Sande kommune
Tittel	Søknad om næringsstøtte ved kjøp av containere
Søker	Skoge, Andre

Vurdering:

Søkar er Andre Skoge som driv eit enkeltmannsforetak innan bygge- og håndtverktenester. Foretaket merkar ei auke i antal henvendinger og størrelser på oppdraga. Foretaket er «kjedeuavhenging», og er med det fleksibel og kan ta på seg dei fleste type oppdrag. Foretaket søker no om tilskot for innkjøp av 2stk containerar med innredning for byggeverksemd. Dette for å lagre og oppbevare verktøy og materialer, samt pauserom/garderobe i hht dagens HMS-standard på byggeplass.

Andre Skoge har pr i dag organisert sin aktivitet gjennom eit enkeltmannsforetak (registrert 2015) med forretningsadresse Larsnes, Sande kommune.

Utbetaling av næringretta tilskot til Andre Skoge siste 3 år:

- Nei, ingen kjende utbetalingar siste 3 år.

Kostnadsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
01.2stk containere	70 000					70 00
02.Innredning	20 000					20 00
Sum kostnad	90 000					90 00

Finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
01.Tilskudd fra næringsfondet	45 000					45 00
02.Lån i bank						
03.Egenkapital	45 000					45 00
04.Eget arbeid						
05.Andre finansieringskilder						
Sum finansiering	90 000					90 00

Kostnadsplan og finansieringsplan vert vurdert som tilfredsstillande.

Pr dd har Andre Skoge engasjert ein person frå ei anna verksemd, for å ha nok kapasitet til å gjennomføre avtalte oppdrag. I søknaden viser han til at dette har gitt han muligheita til å «kjenne litt på» kva det medføre å ha ansvar for eigne tilsette. Basert på denne erfaringa antyder han at aktiviteten i foretaket kan verte utvida gjennom eigne tilsette, inntak/nyrekruttering av

lærlingar, etc. Vidare viser han til foretaket i dag samarbeider godt med lokale samarbeidspartnarar, leverandører, mm

Oppsummering av vurderingane:

- Bygge- og entreprenørtenester er ikkje eit nytt tilbod i vårt område. Sakshandsaming legg likevel vekt på at prosjektet vil vere nyskapande for foretaket i form av effektivisering, kvalitetsforbetring, betre arbeidsmiljøforhold, mm.
- I dag er det eit enkeltmanns foretak med ein –for tida to – personar. Foretaket er registrert i 2015, og aktiviteten etter to år er positiv. Sakshandsaminga legg til grunn at prosjektet på kort/mellomlang sikt styrkar eksisterande arbeidsplassar/aktivitet (5). Vidare legg sakshandsaming til grunn at prosjektet over tid/lang sikt kan gi auka aktivitet, noko som vil kunne gi ei auke i arbeidsplassar (3) – noko også søkar viser til i sin søknad.
- Innstillinga vert å gi støtte på 30 % av godkjent kostnad. Tilskotet vert utbetalt i hht gjeldande vilkår.

Larsnes, 21.03.2017

Asle J. Giske
rådmann